



Saksframlegg

Arkiv: 030
Arkivsaksnr.: 2011/246
Saksbehandlar: Tone Roaldsnes
Dato: 25.05.2016

Kommunereforma - endeleg vedtak i Vestnes kommune

Utval	Møtedato	Utvassak
Formannskapet	13.06.2016	74/2016
Kommunestyret	22.06.2016	68/2016

Saksprotokoll i Kommunestyret - 22.06.2016

Vedtak:

1

På grunnlag av lokalpolitiske prosessar og innbyggjarhøyringar vedtek Vestnes kommunestyre at Vestnes skal halde fram som eigen kommune med moglege grensejusteringar.

2

Vestnes kommunestyre ser at endringar i kommunikasjonsmønster etter realiserte og eventuelle framtidige samferdselsinvesteringar kan auke samarbeidet med nabokommunar, og kan på sikt også medføre endringar i kommunegrenser. Dei mest aktuelle kommunane for Vestnes no vil vere Ørskog eller Rauma. Ei slik samanslåing vil berre vere tenleg dersom basisteneseter og spesialtenester med beredskapspreg vert nært tilgjengeleg for våre innbyggjarar.

Behandling:

Framlegg I til vedtak framsett i møte av H:

Nytt pkt 2:

Vestnes kommunestyre erkjenner at nasjonale føringar, målet om ei styrka samfunnsutvikling og kravet til kommunal tenesteyting, gjer at Vestnes kommune på noko sikt må inngå i ein større kommune. Vurdert utifrå dei forutsetningane ein kjenner i dag, bør dette vere ein større Romsdalskommune der Molde er kommunesenter. Ei slik samanslåing vil berre vere tenleg for Vestnes sine innbyggjarar dersom basisteneseter og spesialtenester med beredskapspreg vert tilgjengelege på sørsida av Romsdalsfjorden.

Framlegg II til vedtak framsett i møte av AP:

Nytt pkt. 2

Vestnes kommunestyre ser at endringar i kommunikasjonsmønsteret etter realiserte og eventuelt framtidige samferdselsløyisingar kan auke samarbeidet med nabokommunar, og kan

på sikt også medføre endringar i kommunegrenser. Ei slik samanslåing vil berre vere tenleg dersom basisteneseter og spesialtenester med beredskapspreg vert nært tilgjengeleg for våre innbyggjarar.

Framlegg III til vedtak framsett i møte av V:

Endring i pkt 2 (utheva)

Vestnes kommunestyre ser at endringar i kommunikasjonsmønster etter realiserte og eventuelle framtidige samferdselsinvesteringar kan auke samarbeidet med nabokommunar, og kan på sikt også medføre endringar i kommunegrenser. **Dei mest aktuelle kommunane for Vestnes vil vere ei større landkommune mellom byane Ålesund og Molde.**

Ei slik eventuell samanslåing vil berre vere tenleg dersom basisteneseter og spesialtenester med beredskapspreg vert nært tilgjengeleg for våre innbyggjarar.

Det vart halde gruppemøte.

Framlegg IV til vedtak framsett i møte av: SP, Krf, Frp og AP:

1

På grunnlag av lokalpolitiske prosessar og innbyggjarhøyringar vedtek Vestnes kommunestyre at Vestnes skal halde fram som eigen kommune med moglege grensejusteringar.

2

Vestnes kommunestyre ser at endringar i kommunikasjonsmønster etter realiserte og eventuelle framtidige samferdselsinvesteringar kan auke samarbeidet med nabokommunar, og kan på sikt også medføre endringar i kommunegrenser. Dei mest aktuelle kommunane for Vestnes no vil vere Ørskog eller Rauma. Ei slik samanslåing vil berre vere tenleg dersom basisteneseter og spesialtenester med beredskapspreg vert nært tilgjengeleg for våre innbyggjarar.

Framlegg V til vedtak framsett i møte av SV:

Pkt. 1 som innstillinga.

Nytt pkt 2:

Vestnes kommunestyre ser at endringar i kommunikasjonsmønster etter realiserte og eventuelle framtidige samferdselsinvesteringar kan auke samarbeidet med nabokommunar, og kan på sikt også medføre endringar i kommunegrenser.

Pkt. 3 går ut

AP trekte sitt framlegg II.

Formannskapet trekte si innstilling.

SV trekte sitt framlegg V til pkt. 1

Avrøysting:

Nytt pkt. 1 framsett i møte av SP, Krf, Frp og AP vart samrøystes vedteke.

Det vart røysta over alle framlegga til nytt pkt. 2:

Framlegg I frå H fekk 16 røyster mot og 6 røyster for.

Framlegg III frå V fekk 18 røyster mot og 4 røyster for.

Framlegg IV frå SP, Krf, Frp og AP fekk 7 røyster mot og 15 røyster for.

Framlegg V frå SV fekk 19 røyster mot og 3 røyster for.

Det vart deretter røysta over dei to framlegga som fekk flest røyster.

Framlegg IV frå SP, Krf, Frp og AP vart sett opp mot framlegg I frå H:

Framlegg IV frå SP, Krf, Frp og AP fekk 18 røyster.

Framlegg I frå H fekk 4 røyster.

Saksprotokoll i Formannskapet - 13.06.2016

Vedtak:

Formannskapet legg saka fram for kommunestyret med slik innstilling:

1

På grunnlag av lokalpolitiske prosessar og innbyggjarhøyeringar vedtek Vestnes kommunestyre at Vestnes skal halde fram som eigen kommune.

2

Vestnes kommunestyre ser at endringar i kommunikasjonsmønster etter realiserte og eventuelle framtidige samferdselsinvesteringar kan auke samarbeidet med nabokommunar, og kan på sikt også medføre endringar i kommunegrenser. Dei mest aktuelle kommunane for Vestnes vil vere Ørskog, Stordal eller Rauma. Ei slik eventuell samanslåing vil berre vere tenleg dersom basisteneseter og spesialtenester med beredskapspreg vert nært tilgjengeleg for våre innbyggjarar.

3.

Om ein ny situasjon skulle oppstå der kommunestyret må handle aktivt må eit nytt forhandlingsutval kunne framforhandle ein eventuell intensjonsavtale. Av respekt for folkerøystinga i april må eit resultat av ein intensjonsavtale ut i ei folkehøyering.

Behandling:

Det vart halde gruppemøte.

Framlegg I til vedtak framlagt i møte av Anne Marie Fiksdal (Frp), Karsten Gjerde (Krf), Bjørn Inge Olsen (Sp) og Tor Erling Grønning (Sp):

Pkt 1

Som administrasjonssjefen si innstilling.

Nytt pkt. 2 og 3:

2

Vestnes kommunestyre ser at endringar i kommunikasjonsmønster etter realiserte og eventuelle framtidige samferdselsinvesteringar kan auke samarbeidet med nabokommunar, og kan på sikt også medføre endringar i kommunegrenser. Dei mest aktuelle kommunane for Vestnes vil vere Ørskog, Stordal eller Rauma. Ei slik eventuell samanslåing vil berre vere tenleg dersom basisteneseter og spesialtenester med beredskapspreg vert nært tilgjengeleg for våre innbyggjarar.

3.

Om ein ny situasjon skulle oppstå der kommunestyret må handle aktivt må eit nytt forhandlingsutval kunne framforhandle ein eventuell intensjonsavtale. Av respekt for folkerøystinga i april må eit resultat av ein intensjonsavtale leggjast ut i ei folkehøyring.

Framlegg II til vedtak framsett i møte av Martin Kjøpstad (V):

Pkt 1

Som administrasjonssjefen si innstilling.

Endring pkt 2:

Vestnes kommunestyre erkjenner at nasjonale føringar, målet om ei styrka samfunnsutvikling og kravet til kommunal tenesteyting, gjer at Vestnes kommune på noko sikt må inngå i ein større kommune. Vurdert utifrå dei forutsetningane ein kjenner i dag, bør dette vere ein større Romsdalskommune der Molde er kommunesenter, **eller ein stor landkommune der ein føresett at Haram, Ørskog og Skodje er med.** Ei slik samanslåing vil berre vere tenleg for Vestnes sine innbyggjarar dersom basistjenester og spesialtenester med beredskapspreg vert tilgjengelege på sørsida av Romsdalsfjorden.

Avrøysting:

Det vart først røysta over administrasjonssjefen si innstilling pkt.1:

Pkt 1 i administrasjonssjefen si innstilling vart samrøystes vedteke.

Det vart røysta for framlegg II framsett i møte av Martin Kjøpstad (V):

Framlegget fekk 6 røyster mot og 1 røyst for (Martin Kjøpstad (V))

Pkt 2 i administrasjonssjefen si innstilling vart sett opp mot pkt. 2 og 3 i framlegg I framsett i møte:

Innstillinga frå administrasjonssjefen fekk 3 røyster: Aud Marie Bergdal (Ap), Martin Kjøpstad (V) og Randi Bergundhaugen (H).

Framlegg I til vedtak framsett i møte fekk 4 røyster: Anne Marie Fiksdal (Frp), Karsten Gjerde (Krf), Bjørn Inge Olsen (Sp) og Tor Erling Grønning (Sp)

Administrasjonssjefen si innstilling

1. På grunnlag av lokalpolitiske prosessar og innbyggjarhøyringar vedtek Vestnes kommunestyre at Vestnes skal halde fram som eigen kommune.

2. Vestnes kommunestyre erkjenner at nasjonale føringar, målet om ei styrka samfunnsutvikling og kravet til kommunal tenesteyting, gjer at Vestnes kommune på noko sikt må inngå i ein større kommune. Vurdert utifrå dei forutsetningane ein kjenner i dag, bør dette vere ein større Romsdalskommune der Molde er kommunesenter. Ei slik samanslåing vil berre vere tenleg for Vestnes sine innbyggjarar dersom basistjenester og spesialtjenester med beredskapspreg vert tilgjengelege på sørsida av Romsdalsfjorden.

SAKSUTGREIING:

Saksutgreiinga er bygt opp på grunnlag av sjekkliste/mal motteken frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal 1.april 2016. Sjekklista til Fylkesmannen, og kriteria for god kommunestruktur, er henta frå første delrapport frå Ekspertutvalet. Rapporten vart utgitt 31.mars 2014 og er å finne på www.kommunereform.no

Ekspertutvalet var samansett av erfarne forskarar og praktiskarar som til saman representerte ein allsidig og brei kompetanse på heile kommunesektoren.

Ekspertutvalet vurderte dei ulike rollene ein kommune skal ha:

tenesteytar, utøvar av mynde, samfunnsutviklar og demokratisk arena.

Utvalet kom med forslag til kriterier og prinsipp for en god kommuneinndeling - basert på dei ulike rollene kommunane har i dag. Saksutgreiinga er bygd opp utifrå dette. Kort teoretisk gjennomgang, situasjonen i Vestnes no og framtidig, samt ei kort vurdering av dei ulike utgreidde samanslåingsalternativa.

1. a Fakta og prosess i kommunereforma – Vestnes

Vestnes kommune ligg på sørsida av Romsdalsfjorden omkring dei to fjordarmene Tomrefjorden og Tresfjorden. Kommunen vart danna i 1964 då kommunane Vestnes og Tresfjord vart slått saman. Pr 1. januar 2016 var folketalet i Vestnes 6 611.

Kommunesenteret er Helland og dette er den største tettstaden. Kommunen har fire andre bygdesenter; Tomrefjord, Fiksdal, Tresfjord og Vike.

Folketalsutvikling 1986 – 2015:

	1986	1991	1996	2001	2006	2011	2016
Vestnes	6359	6413	6470	6486	6442	6504	6611

Folketalsveksten skuldast i hovudsak innvandring, og då i hovudsak frå Polen, Litauen, Thailand og Filippinene (dei fire største).

Europavegane E136 og E39 går begge gjennom kommunen. E136 er aust-vest forbindelsen frå Ålesund via Vestnes og vidare til Åndalsnes og Dombås. E39 (Kristiansand–Trondheim) går gjennom Vestnes og vidare til Molde. Fergeforbindelse Vestnes - Molde på E39. Det går ein hurtigbåt mellom Molde og Vestnes. Timekspressen Kristiansund-Molde-Ålesund går gjennom Vestnes sentrum. Buss Ålesund – Åndalsnes går også gjennom Vestnes. Eksportvegen til austlandet er korta ned etter bygging av Tresfjordbrua og Vågetunellen.

Nokre nøkkeltal:

(Økonomi blir omtala i pkt 6)

Arbeidsplassdekning 2014:

86 %

Pendling 2014 (antal personar)

	Molde	Haram	Ålesund	Rauma
Frå Vestnes	290	78	138	71
Til Vestnes	62	39	37	75

Skuleval for elevane i Vestnes – 2014/2015:

	Romsdal VGS	Molde VGS	Gjermundnes VGS	Fagerlia VGS	Ålesund VGS	Borgund VGS
Tal på elevar frå Vestnes	91	60	30	25	20	18

1. b) Prosess – vedtak i Vestnes kommunestyre:

12.juni 2014: Interpellasjon frå Venstre vedk kommunereform.

25.september 2014:

Vestnes kommune skal delta i utgreiingsarbeid i regi av Romsdal regionråd med følgjande alternativ:

Vestnes – Rauma

Vestnes- Midsund- Aukra

Storkommunen Romsdal

2.oktober 2014:

Vedtak om at formannskapet skulle leie prosessen.

18.desember 2014

Kommunestyret fastslo at ein skulle utgreie alternativ både mot Sunnmøre og mot Romsdal.

12.februar 2015:

Kommunestyret takka nei til å delta i utgreiing av ein større regionkommune på Nordre Sunnmøre, men takka ja til å delta i ein utgreiingsprosess med sikte på å etablere ein landkommune for to eller fleire av følgjande kommunar: Haram, Vestnes, Skodje, Ørskog, Stordal og Norddal. Kommunestyret skisserte korleis innbyggjarane skulle involverast.

21.mai 2015:

Kommunestyret gjorde vedtak om vidare framdrift og vidare involvering av innbyggjarane. Det vart bestemt å greie ut "Vestnes som eigen kommune", arrangere folkemøte, samt å delta i innbyggjarundersøkingar i regi av Sunnmøre regionråd.

18.juni 2015:

Kommunestyret oppretta eige sonderingsutval.

19.november 2015:

Vedtak om retningsval. Sondere og forhandle slik:

a. Romsdal: Vestnes saman med Midsund/Aukra.

b. Romsdal: Vestnes saman med Rauma

c. Sunnmøre: Vestnes saman med 1 eller fleire landkommunar.

28.januar 2016:

Vedtak om å starte forhandlingar med siktemål å inngå ein intensjonsavtale om samanslåing:

a. Rauma – Vestnes

b. Landkommune på Sunnmøre

Vedtak om rådgevande folkeavstemming.

14.februar 2016: formannskapet gjer vedtak om å avslutte forhandlingar om landkommune.

22.februar 2016:

Kommunestyret vedtok om å gjennomføre utvida innbyggjarhøyring i tillegg til rådgevande folkeavstemming.

14.april 2016:

Godkjenning av intensjonsavtale mellom Rauma og Vestnes.

1. c) Involvering av innbyggjarane:

Innbyggjarhøyring: 2014 i regi av Sunnmøre Regionråd. Høyring ved OPINION i april 2016.

Folkemøte: 22.06.15, 19.04.16, 20.04.16 og 21.04.16.

Eldrerådet: informasjon v/administrasjonssjefen i februar 2015

Tillitsvalde: løpande informasjon frå administrasjonssjefen.

Ungdomsskulen: undervisningsopplegg, møte med ordførar og varaordførar i april 2016.

Ungdomsrådet: informasjon og dialog med politisk leiing i fleire møte.

Informasjonsbrosjyre til alle husstandar i april 2016.

Resultat av innbyggjarhøyringar

Vestnes gjekk til rådgjevande folkeavstemming med berre 1 intensjonsavtale, og altså berre 1 samanslåingsalternativ (Rauma - Vestnes).

Folkeavstemming 25. april 2016:

Valdeltaking: 36,22 %

Vestnes – Rauma: 11,6 %

Vestnes åleine: 59,7 %

Blanke stemmer: 28,7 %

Innbyggjarhøyring – offentleg kjend 25. april 2016- gjennomført medio april:

Positive til samanslåing: 57 %

Ønskjer at kommunen skal så åleine: 38 %

Valt alternativ for dei som er positive til samanslåing:

Romsdal inklusive Molde: 17 %

Vestnes – Rauma: 20 %

Landkommune Sunnmøre: 15 %

Mot Ålesund: 5 %

Skilnad i føretrekt alternativ utfrå alder (for dei som er positive til samanslåing:

Innbyggjarar over 60år:

Vestnes åleine: 42 %

Vestnes/Rauma: 20 %

Romsdal inkl Molde: 11 %

Sunnmøre regionkommune: 5 %

Landkommune Sunnmøre: 18 %

Ungdom under 30 år:

Vestnes åleine: 25 %

Vestnes/Rauma: 28 %

Romsdal inkl Molde: 25 %

Sunnmøre regionkommune: 0 %

Landkommune Sunnmøre: 5 %

Føretrekt alternativ for dei som er imot samanslåing, men som MÅ velje:

Vestnes/Rauma: 65 %

Romsdal inkl Molde: 9 %

Sunnmøre regionkommune: 3 %

Landkommune Sunnmøre: 17 %

**Lite som skiljer dei ulike
aldersgruppene**

2. Vurdering av kommunen si rolle som tenesteutøvar

Kommunane har ansvar for å levere eit stort og mangfaldig omfang av tenester til innbyggjarane. Dei største tenesteområda er skule/SFO, barnehage og helse/omsorg. Boksene under viser ein oversikt over store tenesteområde i kommunane, og spesialiserte/små tenesteområde.

Store grunnleggande tenester:

Barnehage, grunnskule, SFO, kulturskule, sjukeheimar, heimesjukepleie, sosiale tenester.

Spesialiserte tenester:

Spesialundervisning, PPT, barnevern, helsestasjon, fastlege, brannvern, renovasjon, veg, vatn, avløp, beredskap, forureining/klima, krisesenter, bibliotek, rusarbeid, psykisk helsearbeid, habilitering, rehabilitering, spesialsjukepleie ved ulike diagnoser (kreft, diabetes, kols etc), kommunale akutt døgnplassar (somatisk og rus/psykisk helse)

Ekspertutvalet fastslo følgjande kriterier som sentrale for at ein kommune skal kunne ivareta si rolle som tenesteytar:

- Tilstrekkeleg kapasitet og relevant kompetanse
- Effektiv tenesteproduksjon
- Økonomisk soliditet
- Valfridom

Vurdering av dagens situasjon i Vestnes:

I dei **store og grunnleggande tenestene** har vi pr i dag forholdsvis god tilgang til kompetent personell. Kapasiteten er tilstrekkeleg. Dimensjonering av tenestene blir regulert utifrå innbyggjarane sine rettskrav og elles av lokalpolitiske prioriteringar.

Vestnes kommune har god tilbakemelding på brukarundersøkingar: resultat på landssnitt eller over på dei fleste område.

I dei **spesialiserte oppgåvene** er situasjonen meir krevjande. På fleire av områda nyttar vi interkommunalt samarbeid då dette inneber stordriftsfordelar og tilgang på spesialkompetanse. Dette gjeld for det første grunnleggande oppbygging av vårt "digitale hus". Her inngår vi i ROR IKT og kunne ikkje på nokon måte makta oppgåva sjølv.

Elles har vi desse interkommunale samarbeida: renovasjon, innkjøp, krisesenter, kommunale somatiske akutt døgnplassar, legevakt, akutt forureining sjø.

Vestnes har avtale med Molde om føring av rekneskapen samt at Molde er skatteoppkrevjar for Vestnes kommune.

Når det gjeld saksbehandling og fellestenester er Vestnes kommune svært sårbar. Ved sjukdom blir vi tvinga til ad hoc løysingar. Dette gjeld følgjande område der vi har 1-2 tilsette, ofte i kombinasjonsstillingar:

lønsarbeid, økonomi, saksbehandling innan kultur, alkohollovgjeving, tilskots- og låneordningar frå Husbanken, eigedomsskatt, ulike serviceordningar, grunnskule, barnehage, tenestekontor helse/omsorg, byggesak, geodata, landbruk, miljø.

Framtidsvurderingar:

Dersom Vestnes skal bestå som eigen kommune, vil vi i endå større grad vere avhengige av naboane våre. Dette skuldast dagens situasjon, men også at tenester som krev ytterlegare spesialisering vert overførte til kommunane. Framtidig utvida oppgaver gjeld til dømes innan rus og psykisk helsearbeid, rehabilitering, barnevern, PPT, spesialiserte funksjonar ved helsestasjonen. Tilgangen på ingeniørar vil avgjere om vi også innan det tekniske området i større grad må inngå interkommunale samarbeid.

Administrasjonssjefen si vurdering av kva samanslåingsalternativ som ville styrke tenesteleveransen til innbyggjarane i Vestnes

Landkommunealternativet:

I dette alternativet ville Vestnes vere den største kommunen dersom Haram ikkje vert med. Alle desse kommunane er frå før avhengig av byane: Vestnes er avhengig av Molde, dei andre av Ålesund. Dette gjeld spesielt på dei grunnleggande IKT-tenestene, men også i stor grad spesialiserte tenester innan helse og omsorg. Landkommunane vil ikkje vere i stand til å stå på eigne føter når det gjeld IKT. Det same vil gjelde spesialiserte tenester innan helse og omsorg.

Rauma- Vestnes

Rauma og Vestnes vil i noko grad få styrka sårbare fagmiljø, men vil også etter eit samanslåing vere avhengige av Molde/nabokommunar om samarbeid på spesialiserte tenestoområde. Særleg i beredskapssamanheng vil Rauma- Vestnes kunne styrke tenestene sine ilag.

Stor Romsdalkommune inkl Molde.

På tenestenivå, og særleg med omsyn til spesialiserte tenester, vil ein stor kommune med Molde som sentrum, vere eit godt alternativ for Vestnes.

Forutsetninga for dette ville vere at tenester som krev beredskap blir plassert tilgjengeleg på sørsida av fjorden ilag med Rauma (t.d legevakt og brannberedskap)

Telemarksforskning si vurdering av "Vestnes åleine":

"Vestnes ser i dag ut til å ha gode tenester, men med noen utfordringer knyttet til rekruttering, små og sårbare fagmiljøer og evne til å håndtere økte krav til oppgaveløsningen. Kommunen har lite interkommunalt samarbeid på tjenestoområdene, men behovet for dette vil sannsynligvis øke dersom kommunene blir tilført mange flere oppgaver for å unngå for små og sårbare fagmiljøer på spesialisttenestene. Et av målene til regjeringen med kommunereformen er å styrke lokaldemokratiet gjennom mindre interkommunalt samarbeid og flere oppgaver til kommunene. Slik sett vil ikke «Vestnes som egen kommune» oppfylle dette målet i reformen, men respondentene i spørreundersøkelsen gir en svak støtte til at økt interkommunalt samarbeid er å foretrekke framfor kommunesammenslåing."

Telemarksforskning har utgreidd alternativet "Vestnes åleine". Sitatet er henta frå rapporten side 123. Heile rapporten er å finne på Vestnes kommune sine heimesider.

3. Vurdering av kommunen si rolle for å ivareta rettstryggleiken til innbyggerane.

I delrapporten frå Ekspertutvalet av mars 2014 heiter det på side 71:

Ulike rettssikkerhetskrav skal sikre at innbyggerne er beskyttet mot vilkårlig inngrep fra myndighetens side, og får det de har rett til etter lovverket. Den enkelte skal kunne gjøre seg kjent med rettsstillingen sin og kunne forsvare sine rettslige interesser. Forvaltningsavgjørelser skal være forutsigbare og alle sammenlignbare saker skal i prinsippet behandles likt.

Habilitetsreglene er sentrale for å ivareta hensynet til rettssikkerhet. De alminnelige reglene om inhabilitet i forvaltningsloven kapittel II skal sikre at kommunalt ansatte eller folkevalgte med en særskilt tilknytning til saken eller den saken gjelder, gjennom slektskap eller andre særegne forhold, ikke skal delta i saksbehandlingen av eller avgjørelsen i denne. Gjennom kravet om at kommunale avgjørelser skal forberedes og treffes av habile tjenestemenn og folkevalgte, skal innbyggerne sikres en objektiv og upartisk saksbehandling. Det oppfattes som viktig for innbyggernes tillit til forvaltningen.

Utviklingstrekk:

Gjennom dei siste tiåra er kommunane tillagt stadig fleire oppgåver gjennom ulike særlover. Dette medfører eit sterkare fokus på korleis kommunesektoren løyser oppgåvene. Omfanget av ulike individuelle rettar har auka sterkt både på utdannings- og helse og sosialområdet. Stadig fleire tenester skal gjevast med utgangspunkt i enkeltvedtak. Dette har medført strengare krav til dokumentasjon, saksbehandling og klagebehandling. Kommunen som utøvar av mynde i meir negativ forstand kan ein finne i både plan- og byggesaksbehandling og innan barnevernsområdet. Utviklinga skal i utgangspunktet styrke innbyggerane sin rettstryggleik, men på den andre sida medfører dette meirarbeid, det krev kompetanse og beslaglegg stadig større ressursar i kommunane. Det beslaglegg ressursar både til internkontroll, til sikring av kompetanse og til dokumentasjon.

Ekspertutvalet fastslo følgjande kriterier som sentrale for at ein kommune skal kunne ivareta si rolle for å ivareta rettstryggleiken:

- Tilstrekkeleg kapasitet
- Relevant kompetanse
- Tilstrekkeleg distanse

Vurdering av dagens situasjon i Vestnes

Distanse:

Kommunen er ikkje så liten at "alle kjenner alle". Dette kriteriet blir difor ikkje opplevd dramatisk krevjande. I gitte tilfelle vil ein kunne ha samarbeidsavtale med nabokommunen om å kunne føreta saksbehandling ved inhabilitet. Vi har slik avtale med Rauma innanfor barnevern. Det viktigaste innan dette kriteriet blir å ha fokus på habilitet. Vestnes kommune har interne retningslinjer for handtering av mulig inhabilitet. Internkontrollen blir avgjerande. Habilitet er også eit sentralt tema som blir teke alvorleg i Vestnes sine politiske organ.

Relevant kompetanse og tilstrekkeleg kapasitet:

Sjå førre punkt om tenestene til kommunen. Pr i dag er saksbehandlinga forholdsvis effektiv. Det viser KOSTRA-tal på saksbehandling både innan byggesak, plan og barnevern. På andre saksområde har vi ikkje tal. Innan helse og omsorg er den største utfordringa dei store krava som blir stilt til saksbehandling som gjeld tvang og makt. Eit anna saksområde er offentlege

anskaffelsar. Dette er pr i dag forankra i eining for Eigedomsdrift, og er styrka ved tilsetting av jurist som leiar av eininga.

Den største trugselen på saksbehandlingsområdet er sårbare fagmiljø. Ein kommune på Vestnes sin storleik er avhengig av einskildtilsette og må finne ad hoc løysingar om einskildtilsette blir sjuke eller sluttar.

Utfordringane blir i dag forsøkt løyst gjennom interkommunalt samarbeid og fagnettverk. Det er ikkje dokumentert at distanse mellom saksbehandlar og innbyggjar i alle høve er det beste. I noko grad kan individuelle tilpasningar gjerast betre når det er kontakt mellom saksbehandlar og innbyggjar.

Framtidsvurderingar:

Kompleksiteten i lovverk og forskrifter blir stadig større. Konsekvensane av å gjere feil kan også bli store; både av menneskeleg, materiell og økonomisk art. Det er venta at kommunane i større grad blir dregne inn i rettstvistar der tidlegare saksbehandling og dokumentasjon vil få stor merksemd. I dag er det mest vanleg med fagleg samarbeid i nettverk der deltakarane lærer av kvarandre. Eit interkommunalt samarbeid utover dette kan evt løysast gjennom vertskommunesamarbeid der vedtaksmynde blir delegert frå deltakarkommune til vertskommunen. Dette kan bli aktuelt på mange tenesteområde. Det er i dag først og fremst brukt innan barnevernet. Større kommunar kan i stor grad auke kapasitet og kompetanse på området.

Administrasjonssjefen si vurdering av kva samanslåingsalternativ som ville styrke rettstryggleiken til innbyggjarane i Vestnes

Landkommunealternativet:

I dette alternativet ville Vestnes vere den største kommunen dersom Haram ikkje vert med. Vestnes sin kapasitet og kompetanse ville difor verte avgjerande. Alternativet ville i liten grad auke den totale kapasitet og kompetanse. Distansen ville auke, og det kan sjåast både som fordel og ulempe.

Rauma- Vestnes

Rauma og Vestnes er jamnstore kommunar og vil i noko grad saman kunne auke kapasitet og kompetanse og i større grad kunne sikre rettstryggleiken til innbyggjarane.

Stor Romsdalkommune inkl Molde.

På dette området vil ein stor kommune med Molde som sentrum, vere eit godt alternativ for Vestnes. Ekspertutvalet sine kriterier ville i stor grad bli oppfylt: Tilstrekkeleg kapasitet, relevant kompetanse, tilstrekkeleg distanse.

4. Vurdering av kommunen si rolle som samfunnsutviklar

Det meste av arealressursane i landet blir forvalta etter plan- og bygningslova, der kommunane har hovudansvaret. Målet med kommunane sitt arbeid som samfunnsutviklar er å sikre gode levekår for innbyggjarane og gode rammevilkår for næringslivet. For dei fleste kommunar er det ei viktig målsetting å styrke attraktiviteten som grunnlag for næringsutvikling, reiseliv og busetting. Folkehelseslova pålegg kommunane å fremme helse, trivsel, gode sosiale og miljømessige forhold i befolkninga, medan plan- og bygningslova krev at kommunen sine planar skal legge til rette for god utforming av bygde omgjevnader, gode bomiljø og gode oppvekst- og levekår, samt fremme samfunnssikkerheit.

Utviklingstrekk:

Behovet for å samordne planlegginga over kommune- og fylkesgrensene har blitt utgreidd og problematisert i fleire samanhengar dei siste tiåra. Planlovutvalet la til grunn at viktige oppgåver knytta til m.a samferdsel og infrastruktur, kystzone- og vassdragsforvaltning, lokalisering av kjøpesenter og bustad- og næringsstrukturen, samt viktige miljøvernoppgåver ikkje lar seg løyse i kvar kommune åleine. De siste åra har vi også sett at klimautfordringane i større grad har blitt ei kommunal oppgåve. Kommunane skal ha klima- og energiplanar som stiller krav om heilskapstenking på tvers av kommunegrensene. Ny matrikkellov, geodatalov, krav i miljøinformasjonslova, krav i vassforskrifta om at kommunane skal følgje opp regionale vassforvaltningsplanar har også auka presset på det kommunale plan- og miljøapparatet.

Ekspertutvalet fastslo følgjande kriterier som sentrale for at ein kommune skal kunne ivareta si rolle som samfunnsutviklar:

- Funksjonelle samfunnsutviklingsområde
- Tilstrekkeleg kapasitet
- Relevant kompetanse

Vurdering av dagens situasjon i Vestnes

I kommunane i dag er samfunnsutviklingsoppdraget forankra i politisk og administrativ toppleiing, og ordførar er den fremste aktør i arbeidet. Det er gjennom ordførar kommunen samordnar kontakten med næringslivet. Samarbeidet ordførarane har seg i mellom er også avgjerande for ei sterk samfunnsutvikling. Næringslaget, samt handels- og sentrumsforening er tette samarbeidspartar med kommunen, og samarbeidet i Vestnes er godt.

Funksjonelle samfunnsutviklingsområde

Det er pr i dag fleire kommunar innan kvart samfunnsutviklingsområde/region. Eit funksjonelt samfunnsutviklingsområde har stor grad av interaksjon. Dette gjeld arbeids- og skulependling, fritidsaktivitetar, kulturelle opplevingar. Det er i dag utstrakt samarbeid via regionråda, og ordførarar og næringslag samarbeider godt over kommunegrensene. Regionråda er oftast organisert etter funksjonelle samfunnsutviklingsområde. Vi har døme på gode og byggjande samarbeid kommunane i mellom der det er samsvarande mål og semje om tiltaka. Her kan nemnast planlegging av fjordkryssingar E39 Vik-Julbøen og utarbeiding av felles plan for Romsdalsfjorden. Ein må likevel erkjenne at slikt interkommunalt samarbeid vert hindra dersom det er usemje mellom kommunane. Dette kan gjelde kampar om lokalisering til dømes. I slike samanhengar ville arbeidet vore lettare med forankring i ein større kommune.

Relevant kompetanse og tilstrekkeleg kapasitet:

Sjå førre punkt om tenestene til kommunen. Pr i dag må saksbehandlinga innan plan og byggesak seiast å vere effektiv. Likevel må det erkjennast at kommunen ikkje har planleggar

med spissa formalkompetanse, og vi har ingen samfunnsplanleggar. Den største trugselen på saksbehandlingsområdet er sårbare fagmiljø. Ein kommune på Vestnes sin storleik er avhengig av einskildtilsette og må finne ad hoc løysingar om einskildtilsette blir sjuke eller sluttar. Kommunen handterer godt planlegging på generalistnivå.

Krevjande område med manglande kapasitet:

Vestnes har kapasitetsutfordringar innan klima, energi og miljø. Vi strevar med å handtere kystsone og vassforskrift, arbeid/plan for skredfarlege område. Effektive verktøy for risikovurderingar og beredskap mot miljøødeleggingar på grunn av klimaendringar er betinga av gode lokale areal- og miljødata. Vi har pr i dag ikkje kapasitet til planlegging innan folkehelselova; inkl miljøretta helsevern. Vi manglar planar for biologisk mangfald, friluftsliv og universiell utforming.

Framtidsvurderingar:

Kompleksiteten i lovverk og forskrifter blir stadig større. Konsekvensane av å gjere feil kan også bli store; både av menneskeleg, materiell og økonomisk art. På fag- og planområde med "smal" fagkunnskap har vi behov for å samarbeide med andre kommunar. Vi har god erfaring med slikt samarbeid.

Energien i lokalkunnskap og lokal patriotisme og identitet skal ikkje undervurderast i arbeidet med samfunnsutvikling i kommunane. Her har dei mindre kommunane ein fordel. Det er kort veg inn politisk toppnivå og til kommuneadministrasjon – og tett kontakt betyr sterkare engasjement. Samarbeidet lokalt mellom næringsliv, kommune og frivillige organisasjonar er ofte sterkt og godt i mindre kommunar.

Administrasjonssjefen si vurdering av kva samanslåingsalternativ som ville styrke kommunens rolle som samfunnsutviklar:

Landkommunealternativet:

Dette alternativet ligg i stor grad utanfor vårt funksjonelle samfunnsområde. I forhandlingane vart dette svært synleg når samfunnutvikling stod på dagsorden. Det var til dels motstridande interesser om kva utviklings- og samferdselsprosjekt som skulle settast på dagsorden. I dette alternativet er Vestnes største kommunen, og lite blir tilført av spisskompetanse innan areal- og samfunnsplanlegging.

Rauma- Vestnes

Rauma og Vestnes er jamnstore kommunar og vil i noko grad saman kunne auke samla kapasitet og kompetanse. Ulempa her er at Rauma utgjør eit eige bu- og arbeidsmarknadsområde. Dette kan bli endra etter at Tresfjordbrua og Vågetunellen er opna.

Stor Romsdalkommune inkl Molde.

På dette området vil ein stor kommune med Molde som sentrum, vere eit godt alternativ for Vestnes. Ekspertutvalet sine kriterier ville i stor grad bli oppfylt: Tilstreккеleg kapasitet, relevant kompetanse, same samfunnsutviklingsområde. Ei ulempe ved dette alternativet er at det kan medføre distanse mellom lokalt næringsliv og politisk og administrativ leiing.

5. Vurdering av kommunen si rolle som demokratisk arena

Norske kommunar fekk lokalt sjølvstyre i 1837 gjennom formannskapslovene. Utgangspunktet for forholdet mellom kommunane og staten er at Norge er ein stat, og at det lokale sjølvstyret difor må fungere innanfor rammene av nasjonale mål. Det å legge eit breitt spekter av oppgåver og funksjonar til kommunane har blitt rekna som viktig for å kunne sjå samanhengar og prioritere og samordne politikken. Det er også slått fast at den statlege styringa av kommunane skal baserast på rammestyring, rettleiing og dialog.

Utviklingstrekk:

Det lokale folkestyret har ei sterk stilling i Norge og er kanskje først og fremst forankra i at innbyggjarane bør delta i viktige avgjerder i eige lokalsamfunn, men innanfor rammene av eit nasjonalt styringssystem. Med den store auken i oppgåver og ansvar som er lagt til kommunane, er den lokaldemokratiske arenaen blitt stadig viktigare. Samstundes har auka statleg styring avgrensa kommunane sitt handlingsrom. Det er også i kjølvatnet av auka oppgåver blitt utvikla eit stort omfang av interkommunale samarbeid som ofte er lagt utanfor lokalpolitisk styring. Samstundes med at både kompleksitet og forventningar har auka, er auka mynde delegert frå politisk nivå, via administrasjonssjefen og nedover i organisasjonen. Situasjonen i dag ser ut til å vere at færre politikarar skal styre ein meir kompleks organisasjon. Ei slik utvikling kan bidra til å sette press på fritidspolitikaren.

Ekspertutvalet fastslo følgjande kriterier som sentrale for at ein kommune skal kunne ivareta si rolle som demokratisk arena:

- Høg politisk deltaking
- Lokal politisk styring
- Lokal identitet
- Brei oppgåveportefølje
- Statlig rammestyring

Medan kriteria om høg politisk deltaking, lokal politisk styring og lokal identitet rettar seg mot kommunane, rettar kriteria om brei oppgåveportefølje og statlig rammestyring seg mot staten.

Vurdering av dagens situasjon i Vestnes

Telemarksforskning har vurdert ulike sider at lokaldemokratiet i Vestnes.

På pluss-sida vert følgjande moment tekne med:

Kommunestyret har fleire medlemmar enn kommunelova krev, det var 8 parti/lister ved siste kommuneval, kommunen har med alle medverknadsorgan som ekspertutvalet peikar på.

På den negative blir det påpeika at:

Vestnes vil ha auka behov for interkommunale samarbeid, og at talet på innbyggjarar er lågt sett i forhold til ekspertutvalet sine vurderingar. Valdeltakinga vert også påpeika å vere forholdsvis låg.

For å møte den store arbeidsmengda som det politiske nivået må handtere er det i større grad enn før frikjøp av politikarane.

Den største utfordringa er etter administrasjonssjefen si vurdering å etablere medverknadsprosessar **mellom** vala. Til det krevst det større både administrative og politiske ressursar.

Framtidsvurderingar:

Kompleksiteten i dei oppgåvene som blir lagt til kommunane aukar stadig. Det blir stadig meir komplisert både å vere politisk og administrativ toppleining. Krava frå innbyggjarane er aukande og prioriteringane blir krevjande. Dei er også krevjande i store kommunar, men prioriteringar kan vere enklare ved auka avstandar. Dersom Vestnes skal stå åleine, blir det ein auke i interkommunale samarbeid. Det er viktig å gjere grundig politisk arbeid med eigarskapsmeldinga til kommunen. Det er der politisk involvering kan sikrast.

Administrasjonssjefen si vurdering av kva samanslåingsalternativ som ville styrke kommunen som demokratisk arena:

Alle samanslåingsalternativ vert vurdert under eitt:

Vil ein større kommune sikre auka politisk deltaking og eit levande folkestyre?

Det må takast høgde for at lokalpolitikken fungerer noko ulikt i små og store kommunar. I store kommunar liknar lokalpolitikken på nasjonalpolitikken. Dette ser ein t.d ved at dei største kommunane har parlamentarisk styresett. I dei små kommunane er ofte partia meir deltakardemokratiske organisasjonar og samarbeidet mellom partia er ofte prega av målet om å stå saman om oppgåver som skal løysast.

Ekspertutvalet seier på side 120:

Med basis i lokaldemokratiundersøkelsen i 2011 har Bjørklund (2013) sett nærmere på utviklingen av fem ulike former for ensaksdeltakelse: signere opprop, delta i aksjoner, ta opp saker, henvende seg til administrasjon eller ta kontakt med politikere. Han skiller i analysene mellom kommuner under 2500 innbyggere, Oslo, og landet som helhet. For alle formene for deltagelse finner han en økning over tid. De minste kommunene er i tet på de tre konvensjonelle deltakelsesformene – kontakte politikere, henvende seg til kommunen, eller ta opp saker. Deltakelsen avtar med økende folketall i kommunene, og Oslo kommer lavest. Når det gjelder deltagelse i aksjoner er imidlertid innbyggerne i Oslo de mest aktive. Ensaksdeltakelse kan delvis forklare noe av det såkalte deltakerparadokset – at valgdeltakelsen har gått ned til tross for økt utdanning og økt informasjonstilgang.

Side 122:

Erfaringene fra de siste sammenslåingene i Norge viste at disse kan ha noen negative effekter på demokratiske indikatorer. Tilbøyeligheten til å ta på seg politiske verv ble noe mindre blant innbyggerne i de fem sammenslåtte kommunene. Men samtidig ble det pekt på at handlingsrommet for politiske prioriteringer økte, slik at muligheten til å kunne ta mer helhetlige grep om fremtidige utfordringer ble styrket. Undersøkelsene viste også at tidligere bygdelister ble borte i sammenslåingene, noe som indikerer at forutsetningene for en helhetlig kommunepolitikk er til stede.

Administrasjonssjefen kan ikkje sjå at det er hald for å kunne dokumentere at Vestnes kommune som politisk arena vert styrka ved ei kommunesamanslåing. Det er også vanskeleg å vurdere om innbyggjarane får ein svekka demokratisk arena ved ei samanslåing.

6. Vurdering av økonomisk status og utvikling - Vestnes

- **Netto driftsresultat:**
Teknisk beregningsutval for kommunal og fylkeskommunal økonomi (TBU) rår til at netto driftsresultat for kommunesektoren over tid bør vere minst 1,75 % av driftsinntektene. Eit slikt netto driftsresultat vil innebere at kommunen kan bygge opp ein "buffer" mot uforutsette auka utgifter eller reduserte inntekter. Vestnes kommune har samla i perioden 2012-2014 et netto driftsresultat på 0,3 % av brutto driftsinntekter. I 2015 var netto driftsresultatet negativt. Resultatet er lågare enn det som er anbefalt nivå, og lågare enn snittet for kommunar i Møre og Romsdal og landsgjennomsnittet.
- **Disposisjonsfond:**
I perioden 2012-2015 har disposisjonsfondet til Vestnes vore stabilt lavt. Det er lågt om ein samanliknar med samanliknbare kommunar, kommunane i Møre og Romsdal og landsgjennomsnittet.
- **Lånegjeld:**
Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter er redusert same periode. Lånegjeld pr innbyggjar er lågare enn snittet for kommunar i Møre og Romsdal og landsgjennomsnittet.
- **Frie inntekter:**
Vestnes kommune sine frie inntekter er låge samanlikna med andre kommunar i fylket. Dei frie inntektene er for 2016 anslått til 48 392 kroner pr innbyggjar. Dette er nest lågast i fylket. Berre Molde har lågare inntekter pr innbyggjar enn Vestnes.
- **Pensjonsforpliktingar/vertskommunetilskott:**
Vestnes kommune er vertskommune for bebuarar som tidlegere budde på sentralinstitusjonen Hellandheimen (fram til ansvarsreforma i 1992). 114 bebuarar frå andre kommunar vart buande i Vestnes. Dette talet er pga naturleg fråfall no nede i 51.
I 2015 hadde Vestnes kommune et tilskott på 102 mill kroner (vertskommunetilskottet) for å yte tenester til disse bebuarane; ca 22 % av totale driftsinntekter for kommunen som eit heile. Vertskommunetilskottet er knytta direkte til talet på bebuarar, og når desse fell frå vil statstilskottet bli redusert. Vestnes vil i løpet av dei neste 15-20 åra få ein sterk reduksjon/avvikling av statstilskottet. Vestnes kommune har store pensjonsforpliktingar grunna avvikling av arbeidsplassar ved nedbygging av tenesta. I 2014 var pensjonsforpliktinga pr innbyggjar i Vestnes 151 684 kroner, medan gjennomsnitt for fylket var 96 132 kroner og gjennomsnitt for landet var 87 560 kroner.
Dette vil bli ei av dei største utfordringane for Vestnes komande år. Ei endring i tilskottsordninga for vertskommunane vil kunne få svært negative økonomiske utslag for Vestnes kommune.
- **Eigedomsskatt:**
2 promille på bustader og verker og bruk. Dette utgjør ca 9,5 mill kroner pr år.
- **Distriktstilskott Sør-Norge:**
4,4 mill kroner i 2015. Distriktsindeksen gir eit uttrykk av graden av distriktsutfordringar og er avgjerande for utmåling av distriktstilskott Sør-Norge. Dess lågare indeks, dess større utfordringar. Vestnes stig på denne indeksen, noko som gjer at tilskottet blir redusert med 2,9 mill til 1,5 mill i 2016.

Investeringsbehov

Sjukeheim/helsehus

Ny ungdomsskule

Kulturskule, evt bibliotek

Rehabilitering av idrettshallar

Rehabilitering av skulebygg

Nytt inntektssystem frå 2017

Basistilskottet, som i dag er på 13,3 mill kroner og i hovudsak går til administrasjon, er idag likt for alle kommunar. I det nye inntektssystemet vil kommunar som har så store avstandar at dei er ufrivillig små framleis få fullt basistilskott. Kommunar i meir tettbygde strøk, som framleis velger å vere små, vil få redusert basistilskott.

For Vestnes vil denne endringa medføre eit inntektstap på 310 kroner pr innbyggjar.

Dagens regionalpolitiske tilskott blir vidareført, men innretninga på desse blir noko endra. Tre av dagens tilskott blir samla i to; eitt distriktstilskott for Sør-Norge og eitt for Nord-Norge. Det er distriktsindeksen som avgjer storleiken på dette. (sjå førre side)

Inntektssystemet blir også ca fjerde kvart år oppdatert på kostnadsnøklar i utgiftsutjamninga. Desse er det lite politikk i då dei er basert på nye analyser av kommunane sine utgifter. Oppdateringa er i tråd med endringar i befolkningssamansetning, busettingsmønster, levekår og andre forhold som gjer at det er kostnadsforskjell mellom kommunane.

For Vestnes vil endring i kostnadsnøklane innebere ein auke på 336 kroner pr innbyggjar.

Eitt usikkerheitsmoment ligg i at kostnadsnøkkel/kriteriet for utviklingshemma over 16 år vart utsett. Dette, saman med mulige endringar i vertskommunetilskottet, kan medføre ukjente utfordringar.

Totalt vil det nye inntektssystemet ikkje innebere vesentlege endringar i inntekter for Vestnes kommune.

Utfordringa blir å vere attraktiv med auka tilflytting og vekst i fødselstal.

Folketalet vart redusert med ca 100 i 2015.

Dette vil medføre større reduksjonar i skatt og rammeoverføring allereie i 2017.

Samla vil dette utgjere ca 5 mill kroner i redusert rammeoverføring og skatt.

Særutskrift til:

Fylkesmannen i Møre og Romsdal (saksutgreiing og vedtak)

KS Møre og Romsdal (saksutgreiing og vedtak)